



Referat årsmøte Hordaland Sau og Geit

Park Hotell Vossevangen, Voss

Frammøte til årsmøte fredag 17. februar kl. 18.00 starta opp med faginnlegg v/leiar i Noregs Bondelag Nils T. Bjørke. **“Vestlandslandbruket sin plass i den nye landbruksmeldinga”**

Her møtte dei fleste av utsendingane til årsmøte og deltok i debatten.

Etter faginlegget reiste alle til Ivar Løne, det ver her Hordaland Sau og Geit heldt sin årlige Årsmøtemiddag.

Årsmøtesaker:

Sak- 01 Opning og velkomst

Kjartan Bergsvåg, leiar i Voss Sau og Geit øngste velkommen til Voss. Han fortalte at i Voss Kommune er det 5 lokallag Sau og Geit alslag! Det er arbeid på gang for og slå saman lokallaga til 2 lokallag.

Sauetalle i Voss Kommune er på vei nedover. Hei i Kommunen var det mange små flokkar med sau, der nokre har slutta og andre held på med avvikling

Lokallage har god aktivitet med blant anna ei stor kåring som blir halden på Voss Jordbruksskule. Lokallaget er opptatt av at småfenæringa blir synleggjort.

Deretter gav Bergsvåg ordet til Ordførar Hans Eirik Rindkjøp.

- Voss er ein stor Kommune
- Er godt kjent utad med bl. anna “Ekstremveko” og Vossajass”
- Voss er kjent for “Vossafår”
- Gjennom turisme frp fjell, bygd til fjord Nerøyfjorden
- Det skjer mange ting i Voss!
- “Verden er vid, med Voss er større”

Til slutt ønskte han Hordaland Sau og Geit til lykke med eit godt årsmøte.

Deretter fekk leiar Nils Inge Hitland ordet:

Gode årsmøteutsendingar og gjester.

2011 baud på mange utfordringar for sauehaldarane i Hordaland. Vårbeite hadde ikkje den farten på grasveksten som vi er vane med. Sommaren vart heller ikkje optimal med grovfôravlingar under normalen. Mykje regn i beitesesongen førte til utvasking av næringsstoff i graset. Resultatet vart seinare slaktemogne lam og lågare lammevekte enn på mange år.

Den gode situasjonen vi hadde med og forsyna marknaden tidleg i 2010 snudde til det motsette. Det vart og importert ferske lam før jul for og sikra nok til pinnekjøttproduksjonen. Reguleringslageret ved inngangen til 2012 er svært lite.

Vi får setta vår lit til at denne sommaren vert betre og at vi såleis kan følgja opp denne positive trenden i 2010. Flotte lam i fin norsk natur er det som er lammekjøttet si føremon i høve til annan kjøttproduksjon. Vi må vera klar over dette, og mest mogleg av eventuell auka produksjon av lammekjøtt, bør skje gjennom og utnytta dei store utmarksbeite- ressursane vi har.

I Hordaland er vi så langt privilegerte i høve til tap av sau og lam til rovvilt. Totale tap av sau og lam på beite er likevel meir enn 5000 dyr. Dette må vi ta tak i og gjera noko med. Gjennom beiteutvalet og beiteprosjektet vert det mellom anna arbeida med denne problemstillinga. 103 beitelag med tilsaman 135.000 dyr er tilslutta organisert beitebruk i Hordaland. Berre Sogn og Fjordane og Oppland har fleire.

Fylkesmannen og beiteutvalet er i gang med eit beiteprosjekt der radiobjøller skal prøvast ut i ein del beitelag. Radiobjøller virker. Det er utprøvd i andre delar av landet, som eit mogleg tiltak mot store tap til rovvilt. Sidan Hordaland ikkje har store utfordringar med rovvilt, har det vore vanskeleg å få økonomisk støtte til eit slikt prosjekt. Det er likevel viktig og gjera seg erfaringar med eit slikt hjelpemiddel i høve til dyra si adferd i beitet, tilsyn og hjelp i sankinga.

Norsk saueavl er i verdstoppen. Til dømes er Norsk Kvit Sau med ca. 100 000 søyer verdas største avlspopulsjon på sau. Norsk saueavl vert drive som eit samvirke- føretak, med stor eigeninnsats i form av dugnad. Dugnadsarbeid er og miljøskapande og gjev rom for utveksling av kunnskap. Kåringane er for mange eit høgdepunkt i saueåret. Då får ein målt resultatet av den innsatsen ein har lagt nær gjennom eit heilt år, og på mange måtar gjennom fleire år. Kåringssjåa er viktige i det sosiale miljøet omkring produksjonen vår. Vi treng gode møteplassar. Det arbeidet som vert gjort i avlsbesetningane og ringane står det respekt av. Framgangen ein har oppnådd er stor og målbar.

Ei stor utfordring i avlsarbeidet er og spreia avlsframgangen til alle som driv med sau. Framleis er det mange gode kåra vêrlam og eliteverar som vert sendt til slakt, i staden for og spreia genane sine gjennom avkom i bruksbesetningane. Her har vi ei oppgåve med og synleggjera den framgangen som ein kan oppnå i eigen besetning, gjennom bruk av vêrlam og verar frå avlsbesetningane. Avlsutvalet i HSG gjennomførte i haust ein møteserie med 5 møter spreidd i heile fylket. Tema for denne var kvifor ein skal bruka kåra vêrlam eller

elitever. Det møtte meir enn 100 sauehaldarar på desse møta som er ein start i arbeidet med og spreia avlsframgangen frå avlsbesetningane til bruksbesetningane.

Det er i dag og eit svært godt tilbod med sæd av gode verar gjennom NSG Semin. Her kan ein og få sæd frå dei fleste sauerasane vi har i landet. Det er bra at nokon ser nytten i og halda på mangfaldet i rasane vi har. Ein dag kan det verta trong for genar som vi i dag ikkje har registrert og som utan mangfald kunne gått tapt.

Som siste argument for kvifor sauane skal sjå slik eller slik ut, til dømes øyrene opp, svart nase, farga ull eller horn høyrer ein ofte; "ja men vi må ha noko fint og kvila augne på og" Det er viktig, men ikkje alltid like produktivt. Men denne evna til og argumentera for si sak, og det ein meiner er viktig, er ein stor ressurs som sauehaldarane har og som gjer at sauene har stort engasjement hjå utøvarane. Det er ikkje mange lag som samlar halvparten eller meir av medlemmane sine på medlemsmøte, eller årsmøte. Dette ilag med stort fagleg engasjement gjer at eg har tru på framtida vår. Vi må i fylkeslaget arbeida for overføring av gode initiativ i ymse lokallag til dei andre som har mindre aktivitet. Det er imponerende og sjå korleis positiv aktivitet smittar. Bygger ein ny sauefjøs, eller utvider og effektiviserer drifta si, vil ofte dette inspirera andre i same området til det same.

Vi bur i eit av verdas rikaste land, der mange meiner at vi kan kjøpa billeg mat, som er produsert andre plassar i verda. Alle prognoser tyder på at mat vert mangelvare, etterkvart som vi i stadig større tempo vert fleire på denne kloden. Norsk lam vert stadig trekt fram som verdas beste. Vi produserer i rein norsk natur, der vi utnyttar utmarksbeite, som ein elles ikkje kunne nyttiggjort til matproduksjon. Dette er og understreka i den nye landbruksmeldinga. Vi kan vera stolte av å vera sauehaldarar som produserer god og rein mat på utmarksressursar, og som heldt kulturlandskapet i hevd. Vi får håpa at den politiske viljen til og betala oss for arbeidet vi utfører og vert sterkare. Vi i HSG skal i alle høve gjera vårt for at medlemene våre får fagleg og sosialt påfyll, slik at vi opprettheldt det store engasjementet og utviklar produksjonen vår som effektive matprodusentar med eit fantastisk produkt.

Takk til resten av styret og lokallaga for godt samarbeid. Eg vil og takka Nortura med Knut Sygnestveit, Karulf Håkull og Grethe Helgesen som har utført sekretæroppgåva i fylkeslaget.

Lukka til med årsmøtet!

Sak- 02

Namneopprop

Det var i alt frammøtt 41 stemmeberetiga

Sak- 03

Godkjenning av innkalling saksliste

Godkjent med kommentar

- Helge Edvardsen peika på at årsmeldinga kom ut till seint

Sak- 04 Val av 2 til å skrive under møteboka

Magnar Stien og Jarle Anskar Helland blei valt

Sak- 05 Årsmelding

Nils Inge Hitland gjekk gjennom årsmeldinga der han peika på:

Godkjent

Spørsmål og kommentarar frå talen til leiar:

- Heimesida til HSG er utvikla
- Det har vert stor aktivitet i Fylkeslaget i 2011 med 11 styremøter. 4 av desse har vore tlf. møter
- Nokre lokallag er kom i gang, dette er bra. Nemnde spesielt Osterøy
- Det er viktig at posten blir sprett frå lokallaga og ut til medlemmene
- Alle referat ligger nå på heimesida til HSG
- Det er ein tilbakegang på medlemstalet i HSG. Her må setjast inn ressursar for å snu denne utviklinga
- Det er og positive tiltak i Fylket som "beiteprosjektet" og "Geit i vekst"
- Gode årsmeldingar frå lokallaga, her er også Osterøy Sau og Geit eit godt eksempel
- Fagtur med Julebord til Haugesund var stor suksess!

Magnar Stien: Stormøter må ikkje kollidera med møter som er ute i lokallaga.

Svar: Det er ikkje alltid like lett å ha god oversikt på møter som er i lokallaga. Er einige i at dette må unngåast

Spørsmål: Er all geit nå påmeldt til sannering?

Svar Ove Holmås: Ja, no er all geit påmeldt

Vidar Trengereid: Kontingenten til NSG er for høg der ein har lite sau og gjerne villsau!

Svar Ove Holmås: Ser den. Men dette skal og administrerast

Anders Konglevoll: Kjem det meir info om beiteprosjektet?

Ole Andreas Våge: Eg vil gje ros til Fylkesstyret for godt arbeid!

Knut Sygnestveit: Er det noko nytt innanfor beiteprosjektet?

Svar: HSG har ennå ikkje fått dett godtnokk opp, Har plan for framdrift

Svanhild Aksnes (Fylkesmannens kontor): Nasjonale midlar inn. Beitelag med store tap blir tatt inn i prosjektet. Lite midlar til uttak av rev på innmarksbeite. Reven er årsaken til store lametap på beite.

Magne Jostveit: Det er for mange radiobjøller som ikkje fungera

Svar: Dette skuldast feilproduksjon

Ander Konglevoll: Nesteårs Leiarmøte, her skulle ein fått til program der ein gjekk djupare inn i "materien" slik at møtedeltakarane fekk ennå meira kunnskap.

Orientering frå NSG v/Ove Holmås

Ove Holmås var NSG sin representant til årsmøte i HSG.

- NSG har nå tilsett ny kontorsjef, dette lettar arbeidet inn på hovudkontoret
- Rovdyr, ja det blir mykje rovdyr frå NSG, men dette er eit svært viktig arbeid i NSG, men det må ikkje skygga over alt anna arbeid som NDG utfører
- Ny stilling "prosjekt beite"
- NSG trenger fleire medlemmer. Hordaland har mange som ikkje er medlemmer i NSG. (ca. 76 %)
- Skal kontingenten aukast? Styret i NSG går for undra i 2013
- Avlen går godt i Hordaland! Dette er bra jobba!
- Gransking i eigen buskap. Her kjem Hordaland dårleg ut grunn små buskapar. Dette er eit arbeid som er under utredning

Ole Andreas Våge: Fellesskapen er viktig i avl!

Svar: Ja, bredden må vara slik som i dag

Helge Edvardsen: Det er viktig at "alt" blir med når ein driv med avl

- Jordbruksoppgjeret og NSG
- Viktig satsing er utmarka
- Kostnaden på fellesbeite er høg
- Pris på kjøtt og ull
- Samdrifter
- Dyretilskot
- Kvalitetstillegg
- Radiobjølla

Tore Atle Sørheim årsmeldinga avlsutvalet

Sørheim peika spesielt på den vellykka møteserien som blei halden sist haust. Dommarsamlinga som var i Norheimsund, godt tilrettelagt av Steinar Steine. Stor takk til Steinar! Eller takka han alle som har bidratt til at alt avlsarbeid i Hordaland går så godt!

Magne Jostveit: Ulik vraking under kåring?

Kåre Hole: Mange kåra på disp?

Svar: Dette er Ryggja i sin heilhet, blir ikkje kårast etter rasepreg

Steinar Stein: Dommarane må bli flinke til og fortelja etter kvart dei går fram under kåring

Audun Seilen årsmelding gjetarhundnemnda

Stor aktivitet i gjetarhundarbeidet i Hordaland. Flott arbeid! Men det er fortsatt ein del arbeid og gjera i enkelte lokallag. Dommarane er organiserte frå NSG.

2013 blir NM i Gjetarhund lagt til Hordaland. Plassen for NM blir Mørkdalen. NSG har ansvaret for Border- Collie og den utvikling og ikkje Kennelklubben!

Anders Konglevoll: Kurs for vanlege brukshund, kan ein få dette til. Det er mange flinke hundar som ikkje stiller opp til tevling.

Knut Sygnestveit: Bra jobba i miljøet! Godt arbeid!

Sak- 06 Rekneskap

Nils Inge Hitland gjekk gjennom rekneskapen for 2011. Tore Atle Sørheim gjekk gjennom rekneskapen til Avlsutvalet og Audun Seilen rekneskapen til Gjetarhundlaget.

Rekneskapen til HSG er sett opp på ein anna måte for 2011 enn tidlegare år. Dette skuldast omlegging av bankkontoar.

Vedtak: Godkjent

Sak- 07 Val

Leiar i Mons valnemnda Mons Kjetil Vevle gjekk gjennom innstillinga frå valnemnda.

Valet blei leia av møteleiar John Karten Raunholm.

Val av leiar for 1 år: Nils Inge Hitland valt med 39 stemmer 1 blank

Sak- 08

Val av 2 styremedlemmer. Reidar Kallestad valt med 39 stemmer 1 blank, Steinar Steine valt med 40 stemmer.

Sak-09

Val av nestleiar: Reidar Kallestad valt.

Sak-10

Val av 3 varamedlemmer for 1 år i stigande rekkefølge. Desse blei valt:

- 1: Anita Jordalen
- 2: Frode Tveito
- 3: Kjartan Bergsvåg

Sak- 11

Avgjera om HSG skal halda fram med revisorar

Ut frå krav til revisorar når rekneskapen blir før på eit godkjent rekneskapskontor trenger HSG ikkje revisorar.

Sak-12

Eventuell val av revisorar med varamenn:

Ut frå vedtak i Sak- 11 blir det ikkje valt revisorar

Sak- 13

Val av møteleiar til årsmøte 2013 med vara:

Martin G Haugland valt med John Karten Raunholm som vara.

Sak- 14

Godtgjersle til styreleiar og styremedlemmer:

- Styreleiar: Kr. 23.500,- per år
- Nestleiar: kr. 12.000,- per år
- Styremedlemmer og varamedlemmer til styret: Kr. 550.- per møte.
- Utover det forslag om Kr. 8.000,- i møtegodtgjersle fordelt på styret når det/dei møter i HSG sin regi.

Sak- 15

Val av valnemnd til årsmøte 2013:

- | | |
|-------------------------|---------------------------|
| - Reg. 1 John Sævareid | Vara Berit Dale |
| - Reg. 2 Ola Steinsland | Vara Jarle Anskar Helland |
| - Reg. 4 Kåre Hole | Vara Wenche Ekren |

Sak- 16

Innkomne saker:

Ingen innkomne saker.

Sak- 17

Arbeidsplan for 2012:

Steinar Steine gjekk gjennom forslag til arbeidsplan for 2012.

Spørsmål som blei stilte:

- Berit Dale: Kan leiarmøte HSG vara laurdag/søndag?
- Helge Edvardsen: Kan julebordet avhovdast etter jul, då me i vårt område ennå held på med paring
- Ole A. Våge: Ein må laga til eit spennande program for leiarsamlinga

- Audun Seile: Eit program som engasjera lokallaga
- Strandtun: Kan ein her laga presentasjonar som lokallaga kan ta med heim og bruka i sitt arbeid?
- Ny giv for saueholdet i Hordaland. Lage skisse om prosjektet
- Kan det setjast ned ei eiga arbeidsgruppe i lag med Fylkesmannen sitt kontor
- Betre oversikt på heimesida til HSG over kven som har tillitsverv innan HSG

Arbeidsplanen er lagt ut på heimesida til HSG

Godkjent.

Sak- 18

Budsjett 2012

Nils Inge Hitland la fram forslag til budsjett for 2012.

I budsjettet for 2012 er det lagt opp til eit tilskot frå Fylkesmannen på Kr. 100.00,- medrekna prosjektmidlar.

Styret ser og for seg og kunna auka inntektene på medlemsverving.

Budsjett 2012 Godkjent.

Avslutning:

Styret la og fram innspel til Jordbruksforhandlingane 2012. Her blei det ein god diskusjon, med mange kreative innspel.

Så HSG sitt innspel på heimesida

Nils Inge Hitland:

Takk for tilliten! Det er eit godt styre å arbeide i saman med!

Er svært glad for alle dei gode innspela som kjem frå lokallaga!

Takk til John Karsten Raunholm for god møteledelse!

